

Jeanne Boge, Kjell Kristoffersen, Kari Martinsen

Omsorg for den samfunnsnyttige kroppen

Michael 2010;7:181-9.

Den franske filosofen Michel Foucault argumenterte for at ein har styrt moderne samfunn ved hjelp av samankoplingar mellom kroppslege praksisar og vitenskap. Denne styringsforma kalla han disiplinering. I denne artikkelen argumenterer me for at den politiske argumentasjonen i siste halvdel av 1800-talet og starten av 1900-talet, om å legge om frå folkeleg til borgarleg reinsemd, kan ha vore ein lekk i eit omfattande politisk disiplineringsarbeid. Vidare argumenterer me for at dei kroppslege vaskenormene som oppstod i denne perioden, står ved lag i vår tid. Argumentasjonen byggjer på analyser av lærebøker i sjukepleie frå fortid og notid, på studiar om reinsemd i fortid og notid og på sosiologen Norbert Elias sin sosialiseringargumentasjon.

Reinsemd og disiplinering

Denne artikkelen startar med ei innføring i den folkelege kroppsvasken som var vanleg i Noreg i siste halvdel av 1800-talet. Deretter ser me på den politisk korrekte borgarlege reinsemda som ein prøvde å allmenngjera i same periode. Avslutningsvis argumenterer me for at allmenngjeringa av den borgarlege reinsemda var ein lekk i eit omfattande politisk disiplineringarbeid. Argumentasjonen vert gjort i lys av franske filosofen Michel Foucault sine utleggingar av disiplinering.

I perioden 1970–1984 var Foucault oppteken av korleis ein styrte moderne samfunn, korleis ein skapte ro, orden, stabilitet og helse i samfunn som hylla fridom og borgarrettar (1: s.401–417). Foucault argumenterte for at helse fekk ein sentral plass i forminga av moderne statseiningar. Helse blei eit konkurransefortrinn, og legane fekk ei framskoten rolle i arbeidet med å hjelpe styresmaktene til å syte for sunne, sterke og produktive samfunnslemmar. Måten dette blei gjort på, kalla Foucault disiplinering (2: s.134–156).

Folkelege vaskepraksisar

Me tek det gjerne for gitt at det er nødvendig å vaska seg for å halda seg sunn og sterk, men i siste halvdel av 1800-talet hadde folk flest liten forståing for at det skulle vera nødvendig å vaska seg for helsa sin del. Dei vaska seg for å visa Gud og medmenneske respekt. Desse vaskepraksisane har den norske teologen Eilert Sundt gjort utførleg greie for i studien *Om Rensligheds-stellet i Norge* som kom ut i 1869. Sundt skriv at det i Noreg på 1860-talet ikkje var vanleg å vaska heile kroppen oftare enn til jul, og kanskje til påske og pinse. Til dagleg var det uvanleg at menn som arbeidde i primærnæringsane vaska seg utan at det var spesielle grunnar for det. Menn som hadde eit offentleg embete som lærar, militær osv. burde derimot vaska ansikt og hender kvar dag.

Dei fleste kvinner var meir i kontakt med vatn enn menn, og i samband med koppevask etter frukost, tok dei gjerne kluten og tørka seg i ansiktet. Hovudregelen var at ein vaska seg når ein skulle pynte seg. Sjølv om det kunne variere kor mykje vask det var til dagleg, var det heilt uakseptabelt å la vera å vaska seg til helga, for denne reinsinga var ei høgtidleg førebuing til søndagen. Det varierte frå bygd til bygd kor omfattande laurdagsvasken var, men mange stader var det vanleg å vaska hovud, hals, bryst og armar til preikesøndag (3: s.290–328).

Vaskenormene som Sundt teikna ned i siste halvdel av 1800-talet ser ikkje ut til å vera spesielle for Noreg. Den svenske etnologen Jonas Frykman sin studie om reinsemd i Sverige i perioden 1880–1910 viser at svenske bønder heller ikkje hadde noko forståing for at det skulle vera skadeleg å la vera å vaska seg. Menneska gjekk alltid rundt med synlege restar av arbeidet på klede eller kropp, fiskarkonene lukta fisk og bøndene lukta fjøs. Skit blei rekna for å vera noko positivt. Dersom ein ikkje vaska seg så ofte, så fraus ein heller ikkje så lett. Smuss og utsondringar gav eit ekstra vern (4: s.159–172). Tolsemnda for ureine og luktande kroppar var ikkje berre eit nordisk fenomen. I læreboka *Notater om sykepleie* som Florence Nightingale gav ut i 1860, ser me at det same var tilfelle i England. Nightingale var oppgitt over folk som skrytte over at dei ikkje hadde vaska anna enn hender, hovud og andlet (5: s.136).

Eilert Sundt argumenterte for at norske bygdefolk hadde ei rituell forståing av kroppsvask på 1860-talet. I den rituelle forståinga av reinsemd var kroppsvask ei symbolsk handling som markerte at ein vende seg mot kviledagen, Gud og medmenneska. Sundt meinte at den rituelle forståinga av reinsemd hadde røter i førkristen norrøn tid (3: s.46–75). No kan det vera at det ikkje berre var i Norden ein hadde rituelle oppfatningar av reinsemd, for den franske historikaren Georges Vigarello som har gjort omfattande studiar av reinsemd i Paris frå seinmiddelalderen og fram mot vår tid, argu-

menterte for at på den tida rekna dei med at det var Gud som reinsa, ikkje vatn. Dette synt seg blant anna ved at sjukepleiarar i Paris ikkje rørde ved dei som kom til hospitalet før dei hadde teke mot nattverden. Når dei var reinsa for synd kunne dei førast til sengs.

Trass i at ein ikkje vaska seg for å fjerne skit og kroppslege avfallsprodukt, kunne folk setje pris på bad i middelalderen. Bad i private bustadar symboliserte rikdom, medan offentlege bad gjerne blei assosierte med speglede og prostitusjon. I 1292 var det 26 badehus og dampbad i Paris, og på 1400-talet var dei vanlege over alt i Paris. Ein bada ikkje for å halde seg frisk, men for nytinga sin del (6: s.21–27, 45–48).

Den tyske sosiologen Norbert Elias argumenterte for at ein hadde eit anna syn på kroppen i middelalderen, enn det me er vane med i vår tid. På den tida var det vanleg at nakne kroppar var nær på ein annan i Europa. Fleire sov i same seng. Dersom nokon hadde nattklede på, kunne det vekkja mistanke om at dei hadde defektar å skjula. Seksuallivet var så openlyst at alle barn visste korleis slikt gjekk føre seg (7: s.149–155).

Borgarleg reinsemd

På 1500-talet tok det til å veksa fram nye oppfatningar om kva som var sømelege kroppslege praksisar. Tendensen skaut fart frå 1600 til 1800-talet, parallelt med framveksten av moderne industrisamfunn. Endringane starta fyrst i dei øvre sosiale sjikta og gjekk langsamare lenger nede på den sosiale rangstigen. Det vart meir kontroll av seksualdrifta og den skulle skjulast. Gradvis dukka det opp nattklede og ein prøvde å laga avstand mellom sengene. Dei som hadde råd til det begynte å sova i separate soverom. Det blei argumentert for at dei nye vanane var viktige for helsa sin del (7: s.226–295).

Helse blei også brukt som argument for å få slutt på utskeiingane som fylgde med fellesbada. Det blei argumentert for at ein kunne få ei rekkje sjukdommar og plager dersom ein bada. Det blei sagt at vatnet kunne trekka inn i kroppen og gjera skade og at kvinner kunne bli gravide om dei bada i same vatn som menn. I 1692 var det berre nokre få offentlege bad att i Paris (6: s.9–27).

På midten av 1700-talet tok borgarskapet i Paris så smått til å vaska seg igjen fordi dei trudde at kalde bad kunne styrkja kroppen gjennom mekaniske muskelsamantrekkingar og betra blodsirkulasjon. Kalde bad var det opplyste borgarskapet sin symbolske protest mot aristokratiet sine varme bad i luksuriøse baderom i same periode.

Førestillingar om korleis kalde bad gjorde kroppen sterk som stål, styrkte borgarskapet sin iver etter makt uavhengig av blodsband. Dei kalde bada blei ikkje utførte for å halda huda rein, men etter kvart blei det argumentert

for at ein burde vaska huden med kaldt vatn for å fremma gassutvekslinga. I forlenginga av denne argumentasjonen blei det hevda at det var uheldig med sminke, parfyme, tronge klede og korsett. Den borgarlege enkle stilen var samstundes ein protest mot det verdsvante, sminka, forfina, jålete, mjuke, svake aristokratiet.

I fyrste halvdel av 1800-talet var det ikkje lenger nok å vaske seg med kaldt vatn og å fjerne sminke og anna som kunne hindre gassutvekslinga i huden, i tillegg begynte ein å argumentere for at det var nødvendig å vaske huden med varmt vatn. Kroppsvasken burde finna stad i einerom, og frå 1830-talet vart alle hus i velstående bydelar i Paris utstyrte med bad. Kring 1880 blei idealet i Paris at badet skulle vera i tilknytning til soverommet, etter modell av amerikanske hotellrom.

Samstundes som borgarskapet argumenterte for at kroppsvask var nødvendig for helsa sin del, var kroppsvask problematisk på grunn av den kropplege berøringa som slike praksisar innebar og på grunn av det ein såg. I tillegg til å vaska seg i einerom, dukka det opp tilrådingar om å lata att augo ved nedantilvask. Ein var redd for at varme bad skulle vekke til live seksuelle lyster, og til og med små barn laut bada iført skjorte (6: s.112–130,156–176, 215–218).

Kroppsvask og seksualitet ser ikkje ut for å ha vore mindre problematisk i Sverige. Frykman (1994: s.185–221) fortel at det svenske borgarskapet brukte eit velkontrollert livsmønster og ikkje minst kroppleg reinsemd til å markere distanse til fattige arbeidarar og bønder. I perioden 1880–1910 blei det argumentert for at gode borgarar burde vaske heile kroppen kvar dag - i alle høve bada ein gong i veka. Kvinnene måtte læra å vaska seg med klut, såpe og vatn utan å ta av seg undertøyet. Det var ufint å gje til kjenne at ein hadde kjennskap til korleis menneske såg ut under kleda. Ein måtte lata som om ein ikkje eingong visste at kvinner hadde to bein.

På 1860-talet ser det ut for at dei borgarlege kropplege normene er i ferd med å slå rot i Noreg. I 1869 skriv i alle høve Sundt at skikken med at kvinnene vaska mennene på laurdagskvelden, heldt på å bli avvikla på 1860-talet fordi denne vaskepraksisen blei rekna for usømeleg. Før den tid var det gjerne slik at husmora vaska ektefellen, systre vaska brør og tenestjenter vaska tenestegutar (3: s.295, 320).

Allmenngjeringa av borgarleg reinsemd

Den borgarlege kroppsvasken kunne vera ei symbolsk markering av klasse. I samband med industrialiseringa og omlegginga til marknadsøkonomi auka klasseskilnadane. Eigedomslause bønder og arbeidarar blei svært fattige, medan borgarar som eigde jord og bedrifter hadde store gevinstar av mar-

knadsøkonomien. Det var få som brydde seg om dei elendige levekåra til fattigfolk før det blei så ille at produktiviteten var truga. Då blei det sett i verk politiske tiltak som skulle syta for helsa til fattigfolk i form av lysare og luftigare bustader, avlaussystem, vasstiltførsel og liknande (8: s.169–181, 9: s.88, 90). Samstundes blei det sett eit moralsk fokus på levesettet til dei fattige, der reinsemda hadde stor kraft (10: s.79–122). Intensjonen var ikkje noko mindre enn at ein skulle endra fattigfolk ved å få dei til å leggje seg til nye kroppslige reinsemdsvanar. Tanken var at den som blei van med reinsemd, fekk vanen med orden og disiplin og ville oppføra seg i pakt med maktthavarane sine interesser. Reinsemda til dei fattige var eit symbol på moralen deira og ein garanti for orden. Derfor blei dei fattige arbeidarane opplærde til å vaska seg i pakt med borgarlege reinsemdsideal, og det vart utarbeidd detaljerte føreskrifter for korleis det skulle gjerast med minst mogeleg vatn.

Frå Paris veit me at det kring 1850 blei sett i verk sanitære tiltak i form av billege bad. For at bada skulle bli så rimelege som råd, fekk ikkje fattigfolk bada meir enn 30 minuttar, temperaturen på vatnet var så låg som forsvarleg og automatiske stoppekrantar sytte for at det blei brukt så lite vatn som mogeleg. Etter kvart kom ein til at det blei for dyrt å gjera bad tilgjengeleg for fattigfolk. Dusj var billegare. Eksperimentet med dusj blei fyrst utprøvd i fengsel, og etter 1880 blei dusjceller med forheng installerte som offentlege badeinnretningar i fattige bydelar. Desse dusjinnretningane som var berekna på massene, stod i skarp kontrast til borgarskapet sine private baderom. For dei fattige var det ikkje snakk om større privat rom kring seg (6: s.192–201, 215–225).

Florence Nightingale som forfatta den fyrste læreboka i moderne sjukepleie i 1860, argumenterte for at alle kunne halda seg reine. Ein trong ikkje kostbare sanitære innretningar som bad eller dusj. Det var nok med ei mugge vatn og ein klut (5: s.138).

Det var denne rimelege kroppsvasken som nedfelte seg i den daglege sjukepleia. Analyser av norske lærebøker i sjukepleie viser at vask og stell av synlege kroppsdelar som ansikt, hender, hår og munn blei rekna for å vera viktigast i den daglege pleia før 1911 (11: s.33–35, 12: s.10, 13: 3). I tillegg burde heile kroppen vaskast ein gong i veka. Samstundes som desse lærebøkene argumenterte for meir kroppsvask enn det som var vanleg blant alminnelege folk på den tida, er dei prega av dei folkelege oppfatningane om at det var viktigast at synlege kroppsdelar var reine (jf. folkelege vaskepraksisar ovanfor). I 1911 kom det ut ei revidert utgåve av Waage si lærebok frå 1901, der det vart argumentert for at tildekka kroppsdelar som setet, ryggen, armholene, analregionen, skrevet, lyskene og hos kvinner

foldane under brysta, også burde vaskast kvar dag (14: s.82). Argumentasjonen for meir omfattande dagleg kroppsvask var truleg uttrykk for at toleransen for lukt var blitt mindre i Noreg på den tida (15: s.106–107).

Dei daglege vaskenormene frå 1911 står ved lag i sjukepleia i vår tid. Det viste seg ved observasjonar og intervju i ein norsk sjukeheim i 2002 og 2006. Der vart det forventat at alle pasientane såg velstelte ut og at dei ikkje lukta vondt. I denne samanhengen var det vanleg at pasientar fekk hjelp til å vaska hender, ansikt, armholer, bryst, rygg og området nedantil kvar dag. I tillegg blei håret kjemma eller børsta om morgonen og tennene blei pussa om kvelden. Kvar 14. dag blei pasientane dusja. Det var lite rom for pasientar som ynskta å dusja oftare, sjølv om både pasientar og pleiarar kunne meine at heile kroppen burde vaskast ein gong i veka. Dusj tok lenger tid og kosta meir enn kroppsvask ved hjelp av klut og vaskefat.

Det var heller ikkje større rom for pasientar som ikkje ville dusje. Det kunne bli brukt både press og tvang for å få pasientar til å dusja og pussa tennene sine (15: s.110–118.) Vaskepraksisane i sjukeheimen var i pakt med normene for minimumskroppsvask, slik dei blei uttrykt i den mest brukte læreboka i grunnleggjande sjukepleie våren 2005, bortsett frå at læreboka argumenterer for at håret burde vaskast minimum ein gong i veka (16: s.13–97).

Å vaska og tørka kroppen inneber avkledning og kroppslig berøring. Me har sett at denne avkledinga og berøringa blei problematisk i moderne industrisamfunn (jf. 3, 4, 6). Den same problematiseringa finn me allereie i den fyrste norske læreboka i sjukepleie. Der argumenterer Nissen for at diakonissa måtte sleppe å utføra oppgåver som kunne såra den kvinnelege blygselen, som for eksempel å kateterisera eller bada menn (11: s.23). Kaurin (9: s.8) argumenterer for at sjukepleiaren ikkje måtte tillata kåt spøk eller lettferdig tale i pleie av det motsette kjønn, men alltid i samtale og i alle sine gjeremål bevara den *sanne, kvinnelige bluferdighet* og utføre alt arbeidet sømeleg og ordentleg.

I den tredje norske læreboka i sjukepleie som kom ut i 1901 unngjekk ein problematiseringa av kjønn ved å argumentere for at pasienten burde vaske seg sjølv så sant han var i stand til det. Om pasienten ikkje klarte det sjølv, skulle sjukepleiaren hjelpe han (13: s.3, det same står i 1911-utgåva). Lærebøkene argumenterte for at kroppen ikkje burde avdekkast meir enn det som var høgst nødvendig for å få gjort reint (9: s.9, 10: 3–4, 11: s.3–4). Observasjonane og intervjuane som blei gjennomført i ein norsk sjukeheim i 2002 og 2006, viste at forventingane om aseksualitet ved kroppsvask i sjukepleia står ved lag i vår tid (15: s.146–151).

Samankoplingar mellom kroppslege praksisar og vitskap

Foucault argumenterer for at kontroll over seksualiteten hadde ein sentral plass i forminga av moderne industrisamfunn, og legane fekk ei sentral rolle i arbeidet med å syte for vitskapleg legitimering av det som blei rekna for samfunnsnyttig kjønnsleg omgang. I pakt med styresmaktene sine interesser konstruerte legane vitskapsbaserte samband mellom avvikande seksualitet og sjukdom og hevda at ein kunne få dei verste sjukdommar om ein drøymte om, tenkte på eller praktiserte andre former for seksualitet enn den ekte-skaplege som føregjekk bak lukka soveromsdører (17: s.13–14, 62–86).

På same vis som legane hevda at avvikande seksualitet var helsefarleg, vart det hevda at det kunne vera kausale samanhengar mellom ureinsemd og sjukdom. Medisinske forskarar på midten av 1800-talet meinte den forferdelege ureinsemda i norske bygdesamfunn var årsaka til at det var så mange spedalske der. For å underbyggja ureinsemda vitskapleg blei det lyst ut ei prisoppgåve om *Det kvindelige stell* på Vestlandet. Reinsemda blei rekna for kvinnene sitt ansvar. Sundt svarte på prisoppgåva gjennom studien *Om renligheds-stellet i Norge*. Han som i utgangspunktet hadde støtta legane sitt syn på bygdefolk si ufyselege ureinsemd, endra syn etter kvart som han såg kor fattige bygdefolk var og kor lite dei hadde å klara seg med. Folk flest hadde verken vaskefat, handdukar eller såpe. Sundt tilbakeviste legane sine påstandar om at manglande reinsemd var årsaka til at mange på Vestlandet var spedalske. Han forsvarte kvinnene og argumenterte for at dei gjorde det beste ut av dei vanskelege levkåra (3: s.11–20, 300).

Sundt fekk ikkje den utlova prisen. Det blei argumentert med at han ikkje hadde svart på oppgåva, men det var vel ikkje det som låg bak styresmaktene sin misnøye med studien. Sundt hadde dokumentert bygdefolk sine reinsemdspraksisar, men han hadde gjorde det på ein slik måte at det blei ein kritikk av den samfunnsordninga som gjorde bygdefolket fattige. Gjennom studien blei det klart for Sundt at marknadsøkonomien som hadde fått stort innpass i samband med industrialiseringa, var ein stor fordel for dei som eigde noko, men ein tragedie for eignedomslause fattigfolk. Det var ikkje det makteliten ynskte å høyra. Slik forskning kunne ikkje brukast som argument for å få bygdefolk til å leggje om frå folkeleg til borgarleg reinsemd, men heller som argument for politiske endringar. Dette var så trugande for styresmaktene at Sundt verken fekk den utlova prisen eller lov til å halde fram som forskar (18).

Medan Sundt talte makta midt imot, viser norske lærebøker i sjukepleie frå slutten av 1800-talet og starten på 1900-talet at sjukepleiefaget støtta opp under legane og styresmaktene sitt syn på reinsemd (11, 12–14). Den politiske konteksten som dei detaljerte vaskeforskriftene i lærebøker i sjuke-

pleie oppstod i, kan tyda på at kroppsvask i sjukepleia har vore ein lekk i eit omfattande politisk disiplineringsarbeid (jf. ovanfor).

I studien *Overvåkning og straff* frå 1975 argumenterer Foucault for at ein har styrt moderne statar ved å sikra seg herredøme over kroppen. Ved hjelp av forskrifter og kontrollering av ørsmå kroppslige detaljar har ein teke kontroll over individa og utnytta dei politisk (19: s.125–130). Dei detaljerte vaskeforskriftene som moderne sjukepleie forfekta på slutten av 1800-talet/starten på 1900-talet, står ved lag i vår tid (16: s.23–82). Det er lite rom for pasientar som ikkje vil innretta seg etter gjeldane vaskenormer (15: s.99–159). Dette kan tyde at disiplineringa av kroppen er minst like stor i vår tid som den gongen moderne sjukepleie med tilhøyrande kroppsvask blei etablert.

Litteratur

1. Schaanning E. *Kommunikative maktstrategier: rapporter fra et tårn*. Oslo: Spartacus, 1993.
2. Foucault M. The Birth of Social Medicine. I: Faubion JD, ed. *Power*. London: Penguin Books, 1994.
3. Sundt E. *Om renligheds-stellet i Norge*. Oslo: Gyldendal, 1975/1869.
4. Frykman J. Hel og ren. I: Frykman J, Löfgren O, eds. *Det kultiverte mennesket*. Oslo: Pax Forlag, 1994.
5. Nightingale F. *Notater om sykepleie*. Oslo: Universitetsforlaget, 1997/1860.
6. Vigarrello G. *Concepts of Cleanliness: changing Attitudes in France since the Middle Ages*. Cambridge: Cambridge University Press, 1988.
7. Elias N. *Sedernas historia*. Del I av Norbert Elias *civilisasjonsteori*. Stockholm: Atlantis, 1989/1939.
8. Martinsen K. *Omsorg, sykepleie og medisin: historisk-filosofiske essays*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget, 2003/1989.
9. Sydnes T. Centrale ideer i Florence Nightingales sykepleiefilosofi. I: Birkelund R, ed. *Omsorg, kald og kamp Personer og ideer i sykepleiens historie*. København: Gyldendal, 2001.
10. Schiøtz A. *Folkets helse - landets styrke 1850–2003*. Oslo: Universitetsforlaget, 2003.
11. Nissen R. *Lærebog i Sygepleie for Diakonisser*. 1. utg. Oslo: Gyldendal, 2000/1877.
12. Kaurin E. *Sygepleiersken: kortfattet Veiledning i Sygepleien for Sygepleiersker i By og Bygd*. Kristiania: Cammermey, 1879.
13. Waage HR. *Lærebog i sygepleie*. Kristiania: I kommisjon hos H. Aschehoug & Co, 1901.
14. Waage HR. *Lærebok i sykepleie*. 2. udg. Kristiania: I kommisjon hos H. Aschehoug & Co, 1911.
15. Boge J. *Kroppsvask i sjukepleia*. Universitetet i Bergen, 2008.
16. Kristoffersen NJ. *Generell sykepleie 3*. 7. oppl. Oslo: Universitetsforlaget, 2004/1996.

17. Foucault M. *Seksualitetens historie 1. Viljen til viten*. Oslo: Pax, 1995/1976.
18. Christophersen HO. Eilert Sundts studier av renslighetsstellet i Norge. I: Sundt E. *Om renslighets-stellet i Norge*. Oslo: Gyldendal, 1975.
19. Foucault M. *Overvåkning og straff: det moderne fengsels historie*. 3. utg. Oslo: Gyldendal, 1999/1975.

Jeanne Boge

Førsteamanuensis, dr. polit,

Institutt for sykepleie, Høgskolen i Bergen.

Kari Martinsen

professor, dr. philos,

Institutt for sykepleie, Høgskolen i Harstad/Haraldsplass diakonale høyskole.

Kjell Kristoffersen

professor, dr. polit.,

Universitetet i Agder, Fakultetet for helse og idrettsfag, Institutt for psykososial helse.